



## *Fruktprognose pr. 1. juli 2019 frå Fruktlagerinspektøren*

Fruktavlinga ser ut til å bli bra vedr. eple og plommer, men det blir mykje mindre av moreller og pærer. Austlandet hadde ein kuldeperiode i starten av mai med temperaturar under 0 grader som kan ha større innverknad på avlingane enn det vi kan forutsjå førebels.

I 2018 var det første året produsentane søkte produksjonstilskot utan at frukta var levert gjennom fruktlager eller andre omsetningsledd. Tala frå Landbruksdirektoratet viser at det var større avlingar enn det som vert omsett gjennom fruktlagera. Fruktlagerinspektøren arbeider med å få eit oversyn over kor desse voluma, som vert omsett utanom fruktlagera, kjem ifrå.

### **Morellprognose 2019**

Morellprognosen viser at avlinga kan bli 460 tonn i 2019, det er ca 60% av avlinga i 2018.

OVERSYN FOR ÅRA 2008-2018 – MORELLER(tonn):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Prognose 2019
Moreller Norge	398	476	295	354	405	488	583	384	491	447	794	461
Moreller eksport	4	27	34	5								
Sum Moreller	402	503	329	359	405	488	583	384	491	447	794*	461

\*Dette er talet frå Landbruksdirektoratet som det er søkt produksjonstilskot for og det viser at det er selt ca 130 tonn moreller som vevsalg og/eller gjennom andre kanalar.

Haustinga av tidlegsortar starta i veke 27 medan dei seine sortane startar i veke 28/29. Det største volumet kjem i vekene 31, 32 og 33.

### **Plommeprognose 2019**

For plommer er avlinga dette året ujamn, og totalt sett er prognosen litt mindre enn i fjor, som igjen var eit av dei store avlingsåra. I forhold til i fjor er det meir Opal, medan Reeves er det mindre av. Det betyr at ein får eit større kvantum i starten av sesongen. Prognosen viser at vi i år kan rekne med 1 756 tonn.

Samanlikning av årets plommeprognose med tidlegare års plommeavling:

Tonn pr. år	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Prognose 2019
SUM	943	1053	1039	922	818	1290	1143	1251	1165	1709	1819*	1756

\*Dette er talet frå Landbruksdirektoratet som det er søkt produksjonstilskot for og det viser at det er selt ca 292 tonn plommer som vevsalg og/eller gjennom andre kanalar.

Det kan bli haustestart i veke 32. Hovudtyngda vil kome i veke 34, 35 og 36, dvs. i tidsrommet frå ca. 19. august til ca. 8. september.

## Pæreprognose 2019

Pæreprognosen viser at det blir mykje mindre avling enn i fjor.

Det er Ingeborg som har svikta i år, medan vi truleg får det første verkeleg gode Celina året.

Med Celina er det prognosert 133 tonn.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Prognose 2019
Clara Frijs	26	39	35	54	45	52	30	110	39
Moltke	40	21	16	23	7	13	2	7	5
Philip	34	13	6	13	3	10	4	10	7
Ingeborg	83	86	60	44	37	65	102	268	97
Herzogin Elsa	6	7	3	14	8	5	6	16	15
Celina						1	14	30	133
Andre sortar	1	5	0	3	3	2	2	43	6
<b>SUM PÆRER</b>	<b>191</b>	<b>170</b>	<b>120</b>	<b>250</b>	<b>144</b>	<b>147</b>	<b>159</b>	<b>487</b>	<b>302</b>

## Epleprognose 2019

Epleprognosen syner at det truleg blir avlinga på nivå med 2018 eller litt høgare.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Prognose 2019
Geneva Early	38	42	90	88	24	43	26	43	45
Vista Bella	103	127	97	124	79	104	88	84	70
Julyred	277	202	312	312	156	198	166	144	144
Caroll	80	67	70	54	40	47	44	20	16
Andre tidl.sortar	45	31	39	33	12	20	15	3	2
R.Prins/Kronprins	173	162	131	160	100	115	109	123	125
Discovery	449	757	709	1 228	640	1003	1210	1222	1485
Katja	38	21	43	52	27	43	46	28	25
Sunrise	13	40	44	87	71	106	98	137	134
Summerred	1 019	1 412	1 234	1 590	1055	1352	1352	1 706	1627
Gravenstein	4	0	7	2	108	3	2	0	
Gravenstein, Raud	677	548	809	699	377	534	654	641	869
Åkerø	169	217	172	194	149	213	131	143	145
Delcorf	20	38	20	12	15	10	18	0	
Aroma	1 020	941	1 291	1 108	857	1101	600	570	426
Aroma, Raud	921	977	1 451	1 592	1165	2223	1735	1806	1991
Lobo	89	65	85	73	40	53	40	52	
I.Marie/K.Schn.	54	92	67	122	47	94	29	100	68
Elstar	18	44	23	85	19	70	32	74	96
Rubinstep	0	0	10	84	134	280	380	383	508
Uspesifiserte sortar	48	127	50	42	38	20	54	10	26
<b>SUM EPLE, kl. 1</b>	<b>5 254</b>	<b>5 910</b>	<b>6 753</b>	<b>7 740</b>	<b>5 205</b>	<b>7632</b>	<b>6821</b>	<b>7 469</b>	<b>7802</b>
Levert konsum	5 254	5 881	6 595	7 580	5 153	7 616	6877	7 301*	
Søkt produksjonstilskot								8 324**	

\*Dette er levert gjennom fruktlager og andre omsetningsledd, men i Landbruksdirektoratet er det søkt om distriktstilskot for

\*\*8324 tonn. Det vil sei at det vert selt 1000 tonn via andre kanalar, og kva sortar det er, har vi ikkje oversikt over.

Lofthus 5. juli 2019

Leif Øie